

31 gjestebåtar sist natt

27.05.2012



Båthamna i Rosendal har heldigvis ikkje heilt teke luven frå båthamna i Uskedalen som gjestehamn. Natt til laurdag kunne hamnevert Johan Sunde i båtlaget rekna inn 25 gjestebåtar og natt til i dag hadde talet auka til 31. Det besøket er det grunn til å vera tilfreds med.

Men det bør leggjast til at det høge talet også omfattar nokre båtar som ikkje fekk plass i Rosendal på grunn av det store innrykket der. Og det var igjen eit resultat av Bergen-flotiljen som vi omtala i går og som omfatta meir enn 40 båtar.

Biletet: Familiene Seglem og Handeland gjer strandhogg i Uskedalen i sin 27 fots siglar under returen heim til Bergen i ettermiddag.
(Foto: Ola Matti Mathisen)